

Klimatilpassing av bygningar

Å bygge i Norge kan vere utfordrande på grunn av store lokale klimavariasjonar. Med eit klima i endring har klimatilpassing av bygningar i dei seinare åra fått større merksemd. Sidan bygningsregelverket ikkje omhandlar klimatilpassing samla, men som deltema under dei enkelte elementa, kan ein risikere at god klimatilpassing innan eit fag øydelegg for tiltaket som heilheit. Til hjelp for prosjekterande i å svare opp klimautfordringane har Klima 2050 utvikla eit rammeverk for klimatilpassing av bygningar.

Tore Kvande

Institutt for bygg- og miljøteknikk

Berit Time

og Lars Gullbrekken

SINTEF

Klimatilpassa bygning


Klimatilpassa bygning» er tradisjonelt bruka som fellesnemning for konstruksjonar som blir planlagt, prosjektert og utført for å tole forventa lokal klimapåkjønning frå nedbør, snølast, vind, solstråling, temperatur og flaumvatn. Vi meiner at tilpassing til eit klima i endring må inkludera i fokuset for å redusere samfunnsrisiko. Ved prosjektering av nye bygningar held det ikkje å sjå på vêret som har vore, men det forventa vêret må med i vurderingane.

Klimatilpassing i bygningsregelverket

Dagens bygningsregelverk omhandlar ikkje klimatilpassing samla, men stiller krav til elementa som inngår i klimatilpassing kvar for seg. Figuren over gir ei oversikt over lovteksten i plan og bygningsloven (pbl) sortert på elementa område, tomt, bygning og klimatilpassing samt kven som normalt har ansvar i ein plan- og byggesaksprosess. TEK17 gir meir spesifikke krav til tekniske løysingar. Korleis klimaendring skal bli ivaretatt, er ikkje tydeleggjort i dagens regelverk.

Rammeverk for klimatilpassing

For å hjelpe prosjekterande i å svare opp dei klimautfordringane som bygningsregelverket peikar på, presenterer vi i ein ny rapport frå Klima 2050 eit rammeverk for klimatilpassing av bygningar. Rammeverket er meint å framheve myndigheitskrava til klimatilpassing, å vise til verktøy som kan vere til nytte for å verifisere at valte løysningar dug, samt å presentere ei




Krav til klimatilpassing gitt i plan- og bygningsloven sortert på temaområde og ansvar.

systematisk tenking for handtering av klimatilpassing. Rammeverket er fysisk vinkla og seier ikkje noko om prosess, organisering og samhandling. Det er plassert slik vist i pyramideillustrasjonen og omfatar:

- 1. ein overordna definisjon av kva klimatilpassing betyr,
- 2. samla presentasjon av myndigheitskrav til klimatilpassing,
- 3. tips til nyttige hjelpemiddel for oppfyljing av myndigheitskrava og
- 4. risikovurderingsmoment til bruk i planlegging og prosjektering.

Rammeverket er eit resultat av ein kontinuerleg aktivitet gjennom heile den åtte år lange prosjektperioden til SFI Klima 2050. Utviklinga har også nytt godt av Norgeshus sitt IPN-prosjekt Verktøykasse for klimatilpassing av boliger og masteroppgåvene til Torun Krangsås Vikan og Julie Sandli Danbolt.



Referanse

Kvande et al.: Rammeverk for klimatilpassing av bygningar. Klima 2050 Rapport 40. SINTEF 2023

Myndigheitskrav og verifikasjon. Plassering av SFI Klima 2050 rammeverket for klimatilpassing av bygningar.